



Bolig og Eiendom AS
Stølen 26 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/455 - 16/20694

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
03.08.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 123/136 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.07.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Rissundet/planid.: 1263-28091977 og er avsett til bustadføre mål.

Historikk

Det vart i sak 07/2450 godkjent oppføring av tomannsbustad med avkøyrsløve på eigedomen, vedtak datert 29.10.07.

Det vart i sak 07/2781 godkjent seksjonering av eigedomen.

Vi gjer merksam på at eigedomen må reseksjonrast, tidlegare godkjent seksjonering må opphevast.

Med omsyn til godkjenning av tomannsbustad og avkøyrsløve til gbnr. 123/136, så er dette enkeltvedtak som går ut dersom tiltaka ikkje vert etablert innan 3 år frå løyvet vart gjeve jf. pbl. § 21-9. Løyvet gjekk ut på dato 29.10.10.

Det må søkjast på nytt om avkøyrsløve for eigedomen jf. veglova § 29 og § 40, søknad om avkøyrsløve sendast Teknisk drift ved Lindås kommune, de kan nytte vedlagt skjema.

1. Kommunen ber om at godkjent avkøyrsløve vert sendt inn innan 14.09.16.



Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi gjer merksam på at saka ikkje oppfyller vilkåra for 3 vekers behandlingsfrist, då saka avheng av løyve frå anna mynde. Frist for handsaming av søknad gjeld frå det tidspunkt søknaden er komplett og klar for handsaming.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknadsskjema avkjørsle

Mottakarar:

Bolig og Eiendom AS

Stølen 26 A

5911

ALVERSUND